

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



Frå konfirmasjonen i Blomvåg kyrkje 8. mai. Sjø meir på siste side. Foto: ONT.



I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Pinseandakt	side 4
Kongomisjonær Willy Karlsen	side 5
Konfirmantbilette	side 6
Barneaktivitetar	side 7



Vår klassisk åndelege arv

I desse påske- og pinsetider vil eg minne om vår klassisk åndelege arv, ikkje minst her på Vestlandet, og i Øygarden, med bakgrunn i profetboka til Malaki, 3,16-18:

«Dei som har age for Herren, tala då saman, og Herren lydde etter og høyrde kva dei sa. Hjå han vart det skrive ei minnebok om dei som ottast Herren og ærar hans namn. Den dagen eg gjer mitt verk, seier Herren, Allhørs Gud, skal dei vera min eigedom,...Då skal de atter sjå skil...på dei som dyrkar Gud, og dei som ikkje dyrkar han.»

Dette er eit sterkt og godt ord med løfte. Vi har påskehøgtida bak oss m.a..med orda om Emmausvandrarane, Luk.24, som vart «henta inn» av den Oppstadne Kristus som la ut Skrifta på landevegen, og som kjende att Herren då han braut brødet.

Ei enkel, men sterk påminning om at vi ikkje kan tru på Jesus og leve som kristne av oss sjølve!

I vår postmoderne tid er det stor fare for at vi vert «tekne» av materialismen og sluttar å leva det åndelege livet sitt mønster. At det åndelege livet vert usynleg, taust, og utan initiativ.

ØYNYTT-ROSA



Jeg skriver til dere med ønske om at dere vil gi foreldrene mine, Evy og Steinar Hellesund ØyNytt rosa.

Jeg har en Bipolar lidelse og har derfor vært på sykehuset mer eller mindre hele det siste året.

Foreldrene mine jobber begge full tid og er travle mennesker, men har likevel stilt opp som fosterforeldre for min sønn Tobias og vært en god støtte for min datter Sarah.

Uten de hadde vi ikke klart oss og jeg er de evig takknemlig.

Vibeke Hellesund

Lat meg óg minna om Mathias Orheim sin sterke salme:

Kvardagskristen vil eg vera, syn for segn det krev Guds ord. Samklang mellom liv og læra, det er himmelsong på jord. Som den djupe fjord kan greia spegla himlen høg og blå, Skal ein kvardagskristen spreia festglans kring det kvardagsgrå.

Kvardagskristen, døypt til yrke, Fødd til kjærleik, skapt av Gud, Vigsjar heim og hall til kyrkje, Kjøkenkrå og handelsbu. Mynt og vara for Guds stempel, Fals og fusk på døri må. Altarljoset i Guds tempel Festglans gjev det kvardagsgrå.

Kvardagskristen vil eg vera, Syn for segn det krev Guds ord. Samklang mellom liv og læra, Det er himmelsong på jord. Og når så min kvardagsbunad Skal for himlen skiftast om, Strålar bjart kring livsens kruna Festglans i Guds herlegdom.

Lat oss i våre kristenliv, heimar, be- dehus og kyrkjer framleis prioritere personleg andakt, husandakt, åndeleg og broderleg samtale, gå til sjelesorg og skrifte, husmøte, tidebøn og andre bønemøte, bibeltimar og oppbyggings- møte, feire gudsteneste, gå til altars og ha stille stunder saman med Herren.

Dette for at vi framleis kan halde oppe levande kristne nettverk som kan ha sterkt samhald og halde oppe sams klassisk kristeleg identitet og vitnemål om vår Store Frelsar og Herre Jesus Kristus!

Og nå frelst heim til Himmelen!

Dykkar
Svenn sokneprest@kyrkja.net



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgevar: Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- *innan kommunen
Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonser: kr 100,-
Kontonr. 3628.07.02557
Trykk: Bodoni
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kantor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kantor@kyrkja.net

Kyrkjelydspedagog:

Trine Overå Hansen
E-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
Telefon: 5638 2247

Kantor:

Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svenn Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Bjørge Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 4781 6181

Kyrkjevevjerje:

Odd N. Thormodsæter
E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net
Tlf. 5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Kjellaug og Raymond Vik 900 30 753/900 75 652

Blomvåg kyrkje:

5638 7022

Hjelme kyrkje:

5638 8030

Råda:

Øygarden sokneråd:
Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Atle Dávøy

Beredskapsordning for Vesthordland prosti
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



” Deg å få skoda

T:Irsk tekst fra 700-tallet, Oversatt av Arve Brunvoll 1978, M:Irsk folketone

*Deg å få skoda er sæla å nå,
Gud, ver det syn som mitt hjarta vil sjå;
ver du for tanken min dyraste skatt,
ljuset som strålar ved dag og ved natt!*

*Ver du min visdom, mi sanning og trøyst,
tal du det levande ord med di røyst!
Far, lat meg vere barn her hjå deg.
Kom til meg, Herre, ja, bu du i meg!*

*Ver du i striden mitt skjold og mitt sverd;
ver du det merket som syner mitt verd,
livd for mi sjel, den tryggaste vakt;
lyft meg mot himlen, du makt i mi makt!*

*Rikdom og ære som menneske gjev,
er ikkje meir enn den morknande vev.
Du er min arv som varer til sist,
himmelske konge, det veit eg for visst.*

*Konge i æva, å lat du meg då
sigrande inn i ditt rike få gå!
Ver du mi tru, den vona eg ber
til eg får skoda din herlegdom der.*

Då eg denne gong vart utfordra av Olaus Skjold til å skrive om «Min salme» var eg ikkje i tvil om kva for ein eg skulle velja. Det var «Deg å få skoda» som rann meg i hu.

Salmen er forholdsvis ny for meg, men eg har mange gode minne frå den. Gjennom 5 år som aktiv i Tremorkyrkja på Sotra vart den mykje brukt på søndagsgudstenestene, og eg elska å syngja denne songen. Det musikalske arrangementet var også svært fint tykte eg. På ein måte storslagent og roleg på same tid. Det er ikkje så godt å beskriva det, men kan nemna bruk av trommer og at melodien kjentes som han steig og steig i eit slags crescendo. Slik vi og kan oppleva at Guds under og skaparverk gjer det. Eg har og eit anna fint minne til denne songen.

Etter å ha sunge han med dramatisk og storslagen bakgrunnsmusikk og sunge av mange røyster ilag i kyrkja på Sotra i nokre år, opplevde eg ein kveld i INRI-samling i bedehuset på Rong å høyra salmen sunge som vakker, var og roleg solosong frå Annlaug Børve med eit enkelt akkompagnement til.

Det er og sjølve teksten i songen som grip meg sterkt kvar gong eg høyrer den. Overskrifta i Salmeboka/ temaet songen står under er «Tryggleik og glede». Og at Jesus både er vi som har teke imot Han si visdom, sanning, trøyst og vern, skjold og sverd mot alt vondt i denne verda, er både

sant, stort, og underfullt. ALT det gode eg har er det Jesus som har gjeve meg, og takksemnda kan aldri bli for stor for det. Samstundes har vi ein heim bortom denne heimen på jord, som betyr så uendeleg mykje meir enn alt som er her og no. Som korintarbrevet seier så er det til sist berre kjærleiken som vært ståande. Vår karakter og den kjærleik vi i livet viste andre er det som vil bety noko og som folk vil hugsa oss for.

Eg elsker orda i 4. verset: «*Rikdom og ære som menneske gjev, er ikkje meir enn den morknande vev. Du er min arv som varer til sist, himmelske konge, det veit et for visst.*»

Dei orda kjenner eg gjer meg trøyst og oppmuntring og peikar mot det evige målet vi som har tatt imot Jesus, har; og ein gong få sjå Han som han er og få vera med han i all æve, vår himmelske Konge, Frelsar og Bror. Han som ofra alt for oss, for at vi skulle få alt av Han. «Han (Faderen) som ikkje sparte sin eigen Son, korleis kunne Han anna enn å gje oss alle ting med Han.» Det er stort. Og det er eit takkeemne, herfrå og inn i all evighet.

Salmen «Deg å få skoda» står som nummer 479 i Norsk Salmebok, og har 4 vers.

Eg utfordrar mi kjære mor, Berit Tordis Bakken, å skrive om sin salme neste gong☺.

GAMALT BILETE FRÅ ØYGARDEN



**Elevar fødte i 1948 og -49.
Biletet truleg frå 1957.**

Sitjande framme: Nils Sæle, Gunvald Magne Blom, Annfinn Sæther,,, Bernt Nielsen, Per S. Dale, Bjørn Husebø,..... og Hallvard Flåten. Dei 3 «namnlause» gutane er truleg Åge Dale, Einar Dale og Olav Åge Sæle. Ståande bak: Ragnhild Blom, Anne Karin Sæle, Ingebjørg Sæle g. Flåten, Sissel Nielsen g. Blomvågnes, Magnar Blomvågnes og Sigfred Flåten.

Fotoeigar : Eldbjørg Møllerup

Av Paul Odland, landssekretær NLA Høgskolen, Bergen

«Elskar de meg, så held de boda mine. Då vil eg be Far, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid: Sanningsanden, som verda ikkje kan ta imot. For verda ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han, for han bur hos dykk og skal vera i dykk. Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk. Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva. Den dagen skal de skjøna at eg er i Far min, og at de er i meg og eg i dykk.

Den som har boda mine, og som held dei, den er det som elskar meg. Og den som elskar meg, skal Far min elska. Ja, den som elskar meg, skal eg òg elska og openberra meg for.»

Johannes 14, 15-21

Dei kjem tett etter kvarandre, alle festdagane i mai, med flagget til topps. Fridomsdagen 8. mai, nasjonaldagen 17. mai, og no også kvitsunnhelga. Det er femti dagar sidan påskehøgtida, då Jesus leid og døydde og stod opp or gra-

va – for vår skuld. No ligg denne femti dagar lange oppstodetida bak oss, der vi på ein særleg måte har vore opptekne av at Jesus lever. Også himmelfarten ligg bak. Men kva skjer no? Korleis skulle redde og forskremte læresveinar klara seg framover? Og kva med oss i dag? Julia varer heilt til påske, seier vi ofte.

Men det er like sant at påska varer heilt til kvitsunn! På ein flott måte knyter teksten påske og kvitsunn saman. For teksten frå Johannesevangeliet er nemleg ein liten del av den lange talen Jesus heldt til sine, rett før han skulle lida og døy. Han forstod at læresveinane ville verta redde, både då Jesus skulle

lida og døy, og seinare når han skulle fara opp til himmelen.

Jesus lovar oss Den Heilage Ande; talsmannen, ein advokat. Han skal vera hjå oss og hjelpa oss – alltid! Og ikkje berre det, men Far sjølv i himmelen vil elska oss og sørgja for oss. Vi treng ikkje vera som foreldreause born! Difor kan vi også seia at kvitsunnhelga varer heilt til jul! Men dermed har vi med oss heile året; alle dagar, alle slags dagar, under Guds omsorg.

Og kvitsunn dagen skjedde det som Jesus lova. Den Heilage Ande kom. Ingen som var til stades i Jerusalem, kunne unngå å sjå at noko ekstraordinært skjedde. Tre tusen lét seg overtysa av forkynninga og lét seg døypa.

Jau, i sanning er kvitsunnhelga ei festhelg og ei misjonshelg, med god grunn til å heisa flagget til topps.



Paul Odland



Illustrasjon: Svenn A Hansen

KPK

KRANSNEDLEGGING 8. MAI:

Historia formar framtida

I talen som ordførar Olav Martin Vik heldt ved minnestøtten ved Blomvåg kyrkje og Hjelme gamle kyrkje søndag 8. mai understreka han m.a. at historia formar framtida. Det er viktig å ikkje gløyma, i respekt for dei som døde for fred og fridom, men og fordi krigen minner oss om at fridom ikkje er sjølvsgat. Det er noko me må arbeida for å behalda.



ELDRETUREN 22. JUNI

Eldretreffa i Blomvåg og Hjelme sokn inviterer også i år til dagstur. Turen i år går til Dale, med besøk m.a. i kyrkja, og opp til fjellgarden Verpelstad. Bussjåfør vert Arnfinn Norheim som også held andakt for oss. Bussen startar frå Hellesøy kl 08.30 og prisen er sett til 450,- Påmelding innan 14. juni til –

Kyrkjekontoret	5638 2240
Jarle Dale	9344 8219
Kjell Døskeland	9903 7838

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
 - Nybygg
 - Rehabilitering
 - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø



WILLY OG RIGMOR KARLSEN SIN TJENESTE FOR JESUS I KONGO



Bakgrunn

Willy Karlsen ble født 16. juni 1936 og vokste opp på Ramsøy inntil familien flyttet til Tjeldstø i Øygarden. Da var han 10 år gammel. Foreldre var Klara, født Harkestad, og Karl Martin Karlsen, født i henholdsvis 1912 og 1915. Klara var fra Harkestad på Tjeldstø, mens Karl Martin var født og oppvokst på Ramsøy. Han var fisker og fiskebåtredere av yrke. 29. juni 1963 giftet han seg i Volda med Rigmor Laila Urkegjærde fra Stranda. Liksom Willy gikk Rigmor på Volda lærerskole, og liksom han, underviste hun noen år i Søvikgrend i Haram.

Begge planla de en fremtid som misjonærer, og i august 1966 ble de viet til misjonærer for Pinsevennenes Ytre Misjon (PYM) i menigheten Tabernaklet i Bergen. Da hadde Willy året i forveien gått på et to måneders språkkurs i London. I august 1966 gikk reisen til Kongo, til misjonsstasjonen i Kakwende der Den norske skolen lå.

I sine perioder hjemme i Norge, virket Willy som lærer ved Krohnengen skole i Sandviken i Bergen, Mjølkeråen skole i bydelen Åsane og Vadmyra i Loddefjord bydel. I to år var han også lærer ved pinsevennenes folkehøgskole i Sandvik i Mosjøen kommune. Dessverre døde Willy allerede 5. juli 1994, men Rigmor fortsatte arbeidet i Kongo. Først i 2003 avsluttet hun tjenesten som misjonær etter 37 år! De siste årene fram til hun ble pensjonist i 2007 var Rigmor lærer ved Nygård skole i Bergen.

Hun har skrevet følgende beretning om mannens og hennes lange arbeidsdag i misjonens tjeneste:

Willy var en voksen mann med 4-5 års yrkeserfaring da han kom inn på lærerskolen i Volda. Faren var fiskebåtredere, og Willy som eldste sønn skulle overta og drive videre i den suksessrike virksomheten som faren var gründer av. Slik skulle det ikke gå. Willy ble i stedet en menneskefisker med stor iver etter å vinne sjeler. Da han ble radikalt frelst på Frekhaug folkehøgskule, som da kaltes ungdomsskule, ble han også klar over at Jesus hadde et kall for ham i Afrika.

Willy tenkte først på å utdanne seg til diakon, men den gang var det ikke mulig for en pinsevenn å komme inn på det studiet. Han endte opp på lærerskolen i Volda der han var sterkt involvert i pinsemenigheten Eben-Eser. Her ble han døpt i Den Hellige Ånd, og dette forsterket misjonsskallet hans. Fra denne perioden i Volda kom det for øvrig ut syv misjonærer fra forskjellige kanter av landet.

Etter tre år som lærer i framhaldsskolen i Søvikgrend, gikk turen til Kongo i 1966. Vi var da gift og hadde fått vårt første barn, Frank. Etter hvert fikk vi tre barn til. Vi hadde gjennom Pinsevennenes Ytre Misjon blitt ansatt som lærere og internatforeldre på Den norske skolen i Kongo. Her arbeidet vi i åtte år. Det var en liten skole, og vi bodde sammen med barna på internatet som i en storfamilie. De fleste barna fra denne tiden er kristne.

Skolen lå på en misjonsstasjon som heter Kakwende, 1850 meter over havet. I tillegg til å være misjonsforstander ble det også mange turer for Willy som ambulansesjåfør til misjonssykehuset i Kaziba om natten. Det gjaldt spesielt fødende kvinner som måtte ha keisersnitt. Willy tok også på seg ansvaret med å lede byggingen av kirker rundt om i distriktet. Om søndagene ble det noen ganger



turer rundt til utpostene der skoleungdommene fikk komme med en liten hilsen om de ønsket det.

Språket som ble brukt var swahili, og det kom for det meste inn ved naturmetoden og studier med «Teach yourself swahili», gjerne under rettleiding av en av de andre misjonærene.

I Kakwende lå også bibelskolen på feltet. Det var stadig god kontakt mellom denne og norskeskolen. Willy var en ivrig ballspiller, og her dro han bibelskoleelevene med. Det var litt uvanlig, for voksne menn skulle helst ikke leke sammen med barn. Men noe jeg har sett i ettertid er at de som var med på ballspillet også ble de ivrigste som evangelister og pastorer. Vår neste plassering ble bibelskolen, -Willy som rektor og lærer og jeg som lærer. Det var en vekkelsesånd på skolen og mye bønn. Kallet om å dra til unådde områder i landet berørte elevene sterkt, og flere av dem dro ut. Senere fulgte også vi etter. Vårt neste område var byen Kasongo i Maniema-området. Det var en provins som var sterkt preget av islam, og det var moskeer i alle byer. På bibelskolen som ble bygget her, fikk vi mange elever som da var frelste muslimer. De ble noen dynamiske evangelister. Nå er det ca 100 000 kristne i denne provinsen og mer enn 100 kirker.

Den daglige kontakten med muslimer la Guds kjærlighet inni oss for denne gruppen. Det resulterte i at Willy ble en visjonsbærer for å vekke til forbønn for de muslimske landene nord og vest for Sahara. Senere utviklet dette seg til at den nasjonale pinsekirken CELPA sendte sine misjonærer ut til et av disse landene. Til å begynne med vakte det mye undring at det var mulig med svarte misjonærer. Denne visjonen fikk Willy være en forkjemper for, og etter over ti år med bønn, undervisning og mye komitéarbeid ble det en virkelighet: Misjonærer ble sendt fra Kongo til Niger. Da hadde Willy allerede vært død i fire år, men jeg fikk i 1998 sammen med Gerd Mjelde anledning til å dra sammen med kongoleserne for å starte arbeidet i Niger. Nå har det vokst fram en livskraftig pinsekirke i dette landet som er så dominert av islam.

Om Willy kan følge med der han nå er, vet jeg at han fryder seg over evangeliet som er på fremmarsj. Han fikk fullføre det kall Jesus hadde gitt ham som menneskefisker.

Stoffet er hentet fra boka: «De som drog ut. Askøys misjonærer 1920-2010» av Anders Bjarne Fossen. Bodoni Forlag, Bergen. Trykt med tillatelse.

-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektro.no

www.vestgarelektro.no

VI GRATULERER KONFIRMANTANE VÅRE I 2011!



Blomvåg 7. mai:

Bak f.v.: Barne- og ungdomsarbeidar Hogne Berland, Mats Halland, Karl Martin Oen, Thomas Breivik, Sondre Blom, Bård Båtevik Teigstad, Martin Monsen, Kristoffer Ryland.

Framme f.v.: Susanne Svellingen, Therese Oen Paulsen, Caroline Hermansen, Kyrkjelydspedagog Trine Overå Hansen, Sokneprest Sverre Martinsen, Marthe Jentoft Solberg, Solveig Grepperud, Susanne Dale Rong, Hanne-Sofie Thorsen.

Blomvåg 8. mai:

Bak f.v.: Arijane Enehaug Grøneng, Lone Algrøy Sanden, Kristine Büschmann Turøy, Helene Langøen Oen, Marianne Sandtorv Johannessen, Susanne Pettersen, Lydia Karina Sandøy Rong.

Framme f.v.: Bjørnar Blom, Kyrkjelydspedagog Trine Overå Hansen, Sokneprest Sverre Martinsen, Kristoffer Breivik, Barne- og ungdomsarbeidar Hogne Berland.



Blomvåg 14. mai:

Bak f.v.: Joakim Reme Torsvik, Steffen Harkestad, Jakob Torsvik Oen, Alexander Reme Torsvik, Eirik Johan Orkelbog, Even Sæle, Dani Andersen, Markus Sæle, Barne- og ungdomsarbeidar Hogne Berland.

Framme f.v.: Karolin Aldersjøen, Oda Nilsen Sæthre, Malena Hestad Midtøy, Kyrkjelydspedagog Trine Overå Hansen, Sokneprest Sverre Martinsen, Birgitte Haugetun Sebjørnsen, Maren Forstrønen Rong, Sigrid Haugetun Hitsøy.

Hjelme 15. mai:

Bak f.v.: Sindre Ervik, Runar Fjeldstad Eriksen, Benjamin Sandøy, Harald Ruben Rytter, Marcus Hansen Sæle, Sølve Rinde Tornøe, Mathias Nordøy, Barne- og ungdomsarbeidar Hogne Berland.

Framme f.v.: Rebecca Hellesund Gjellestad, Pia Anita Rytter, Anne-Maren Harkestad, Kyrkjelydspedagog Trine Overå Hansen, Sokneprest Sverre Martinsen, Camilla Jasmin Breivik, Susanne Jørgensen, Ingrid Hatten, Aina Kathrine Sæle.



Nytt av i år:

Påkesamling for barnehagar

I år fekk vi henvendelsar frå nokre barnehagar om dei kunne få komme og ha ei samling i kyrkja i samband med påsken. Dette blei vi veldig glade for!

Foto og Tekst: Trine Overå Hansen

Det var Tjeldstø, Havly og familiebarnehagane som i år kom med forespøsel om å få komme i kyrkja, rett før påske. Og det var dei sjølv sagt hjarteleg velkommen til! Vi hadde ei samling for kvar av desse barnehagane. Først

fekk dei tenna lys i globen som symbol på at vi, dei små lysa, får lys av Jesus, det store lyset. Etterpå fann vi fram flanellografen og hadde ei samlingsstund med sang og andakt. Vi song «På Golgata stod det eit kors» og «Dine hender er fulle av blomster». Etterpå fekk dei prøva orgelet med kantor



Anne Lise Grøm, og det var svært populært!

Så tok vi dei med rundt på omvisning i dei mange romma i kyrkja. Aller kjekkast var «Kyrkjeloftet» i Blomvåg med alle leikane, og likeeins sakristiet i Hjelme, der det er leikerom. Til slutt fekk dei teikna Jesus på korset.

Då dette var så kjekt, vil vi neste år invitera alle barnehagane i Øygarden til å komme i kyrkja!



Dåpsskule for 6-åringar

Kjekt å høyra om Jesus!

Også i år har kyrkja i Øygarden arrangert dåpsskule 4 lørdags formiddagar i Hjelme kyrkje. Det er koseleg å sitja saman og prata, og få saft og kjeks, men aller viktigast er det å få høyra om Jesus!

Foto og Tekst: Trine Overå Hansen

Vi begynner med litt sosialt i kyrkjelydssalen. Så går vi inn i kyrkjerommet og har ei samlingsstund med song og andakt, og du kan tru at borna føl godt

med og syng av full hals. Etterpå er det ut att i kyrkjelydssalen og laga noko spennande.

Det er ulike tema for kvar gong, og hobbyaktivitetane er tilpassa tema. I år laga vi til dømes dyremasker av mose-



gummi når vi hadde Noahs Ark som tema. Ellers snakkar vi om at Jesus døde og stod opp, om Den Heilage Ande og om takknemlighet. Siste gangen får alle med seg heim ei blomsterpotte med trusfrø i. Denne må dei passe på og vatne slik at ikkje det som er sådd skal døy. Borna får også lekser, og for denne gjengen er det berre stor stas! Leksene går ut på å fargelegga ei teikning frå bibelhistoria og å lære utanatt eit minneord.

I år var det 14 6-åringar med foreldre og nokre småsøsken som deltok på samlingane. Avslutninga for dåpsskulen hadde vi på gudsteneste i Hjelme kyrkje, der dåpsskulen deltok med song, og alle dåpsskuleelevane fekk utdelt boka «Den usynlege venen».



Påskevandring for søndagsskuleborn

Palmesøndag 17. april hadde Blomvåg søndagsskule påskevandring i Blomvåg kyrkje. Det var laga til ulike stasjonar der borna fekk ta del i det som hende med Jesus i påskeveka.

Dagen starta med felles frukost, og dei vel 60 som møtte opp fekk ein flott start på påskefeiringa denne søndagen.



Mellomspel i Øygarden før Mali

Det brenn godt i omnen, eg ser flammene gjennom glaset i omnsdøra. Eg er på Oen bedehus i Øygarden. Ute er det sert med sludd i lufta, det er godt å kome inn.



Puter ligg breidde utover golvet bak i møterommet, innbydande til avslapning og kos. På podiet står eit leiketelt. Eg tittar inn, ser byggeklossar og leiker. Spela er stabla opp på eit bord, teiknesaker ligg like ved, På kjøkenet er vassgryta klar for pølsene. – Her må det vere nokon med blick og hjarte for barna, for at dei skal verte tatt imot og kjenn seg heime, tenkjer eg! Så møter eg dei, tre herlege damer, ei mor og to ikkje så unge, Dei er her for å ta imot borna som tek til å kome. Det er tid for onsdagsklubb. Eg er her som vikar for Herborg Kari Bondevik Evensen, som nettopp er blitt mor. Mi oppgåve er å ha andakt.

Eg reiser heim, glad i hjarta etter nok ein gong å ha møtt vaksne som gjev av si tid, sine krefter og sin kjærleik for at barna skal få høyre om himmeriket som hører dei til. Eit lite halvår har eg denne tenesta i Øygarden, før eg etter planen reiser til Mali til hausten. Der treng eg ikkje peisvarme, men eg tek med hjartevarmen frå Øygarden.

Bergfrid Almelid i UTSYN nr 7/11

Kandidatlistar til soknerådsvalet 12. september 2011

Kandidatane vil verta nærare presentert i ØyNytt nr 4/11 som kjem ut i august/september

BLOMVÅG SOKN

Navn	Fødselsår /alder	Adresse
1 Ingebjørg Martinussen	1991 / 20 år	Knappen
2 Øyvind Solsvik	1975 / 36 år	Dale
3 Erling Vik	1956 / 55 år	Vik
4 Turid Toft Ameny	1956/ 55 år	Toft
5 Ole Andreas Wastvedt	1980 / 31 år	Toft
6 Margit Jørgensen	1970/ 41 år	Knappen
7 Jakob Kåre Blom	1955 / 56 år	Blom
8 Eli Karin Helle	1954 / 57 år	Torsvik
9 Johan Jarle Dale	1951/ 60 år	Dale
10 Rigmor Hernar-Hammer	1951 / 60 år	Blomåsen
11 Geir Jensen	1956 / 55 år	Dale

HJELME SOKN

Navn	Fødselsår /alder	Adresse
1 Andreas Kårbø	1961 / 50 år	Hatten
2 Astrid Nautnes Rustad	1959 / 52 år	Nautnes
3 Råmund Skjold	1967 / 44 år	Skjold
4 Bjørg Fjeldstad	1955 / 56 år	Ådnevika
5 Monica Breivik	1977 / 34 år	Harkestad
6 Unni Bekkenes	1957 / 54 år	Dåvøy
7 Ingvild S Myhre	1970 / 41 år	Harkestadveien
8 Trygve Johannes Hellesøy	1938 / 73 år	Hellesøy

Kyrkjevalet
2011

**Kjøp
kjapt,
trygt
og billig**
**KIWI mini
pris**

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**

**ØYGARDEN
BYGGSENER**

**TH
BHAS BYGG**

**ØYGARDEN
BOLIGUTVIKLING**

Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes

Tinging av turar på

tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.
Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret |



Kva betyr den nye pensjonsreforma for deg?

I 2011 kjem det ei ny pensjonsreform som vil påverke pensjonen for oss alle. Reforma medfører at kvar og ein av oss må ha eit meir aktivt forhold til vår eigen pensjon.

Snakk med rådgivaren din i Sparebanken Vest for ein gjennomgang av kva konsekvensar den nye reforma får for deg.



med 1000m²

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik bejnt ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

Bank i Butikk **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

Velkommen til oss

Catering:

- Varm Mat
- Bøgger
- Koltallerken
- Kaker

Rong Kafe a/s

Tlf: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumakrem og -briller

B-P-S Solutleige

v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kvekk: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland

INTERFLORA

Blomsterbua

Rong Senter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

trend frisør

RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar
Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

GUTIKKEN HELLESØY

5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1800
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.

Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolannlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

- Massasje
- hudpleie
- fotpleie
- voksing mm

ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter
Tlf.: 56 38 95 15

YX ENERGI

- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen litteratur og musikk i fokus

B&M Bok&Media

Minibokhandel på kyrkjekontoret

Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

TIL LUKKE



70 år:

- 9.juni Reidun Johanne Bjørsvik,
Gjetlingavegen
10.juli Solveig Margrete Herdlevær, Toft
12.juli Kjell Gerhard Hatten Hatten
23.juli Eli Margrete Hetlevik, Hellesøy
28.juli Birgith Rong, Rong

75 år:

- 5.juni Ruth Oddlaug Rong, Lauet

80 år:

- 17.juni Klara Blomvågnes, Flåten
27.juni Kristine Johanne Torsvik,
Pålsneset
24.juli Leif Jonas Ulvøen, Tjødnarvegen
31.juli Berit Mary Blom, Blom

85 år:

- 2.juli Olav Anders Herdleær, Herdlevær
6.juli Ingrid Konstanse Svellingen,
Nautnes
11.juli Amalie Rong, Rong
16.juli Marie Karina Svellingen,
Håkletten
5.aug Petra Torsvik, Torsvik
6.aug Jenny Alvilde Rong, Rong
16.aug Bertha Dorthea Tjong, Nordvik
20.aug Anna Katrine Blom, Blom

DØYPTE

Blomvåg

Amalie Stenstad Haugetun, Bergen
Thea-Eleri Fossem
Lucas Davanger Turøy
Maja Aurora Rong-Ågotnes

Hjelme:

Magnus Blom Haugetun, Løten

GUDSTENESTER

- 29.mai Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd
05.juni Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Familiemesse v/ S. Martinsen. Nattverd
12.juni Hjelme kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd.
13. juni Kystmuseet kl. 11:00 Friluftsgudsteneste v/ S. Martinsen
19.juni Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Familiemesse v/ O.Odland. Nattverd
26.juni Hjelme kyrkje kl. 11:00 Familiemesse v/ S. Martinsen. Nattverd
03.juli Pardalsmyra kl. 11:00 Friluftsgudsteneste v/ S. Martinsen.
10.juli Hjelme kyrkje kl. 17:00 Gudsteneste v/ S. Martinsen. Nattverd
17.juli Ikkje gudsteneste i Øygarden
24. juli Ikkje gudsteneste i Øygarden
31.juli Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ E. Hjortland. Nattverd.
07.aug Hjelme kyrkje kl. 17:00 Gudsteneste v/ H.Unneland. Nattverd.
14.aug Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd
21.aug Hjelme Gamle kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ S. Martinsen. 50års-jubileum for konfirmantar. Nattverd
28.aug Blomvåg kyrkje kl. 11:00 Høgmesse v/ S. Martinsen. 50års-jubileum for konfirmantar. Nattverd
4. sept Hjelme kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste v/ sokneprest Svenn Martinsen

DØDE

Blomvåg:

Helena Maria Toftvåg, Løtevegen f. 1918
Johan Anton Flåten, Flåten f. 1956
Margrethe Haugse, Bønes f. 1914

Hjelme:

Maria Kamilla Sæle, N.Sæle f. 1922
Willy Kurt Ingvaldsen, Alvheim f. 1926

TAKK

Hjarteleg takk for gåva til dagavdelinga på Tednebakkane Omsorgssenter i samband med Ragnhild Haugetun sin bortgang. Ragnhild var frivillig medarbeidar i pleie og omsorg i mange år etter at ho sjølv vart pensjonist. Ho starta på eldresenteret og byrja seinare på Tednebakkane

Omsorgssenter.

Me er svært takksame for samarbeidet med henne og det arbeidet Ragnhild gjorde blant dei eldre i Øygarden. Me takkar igjen for gåva på kr 4.700 .

Venleg helsing
Frå oss på dagavdelinga

Takk

Kyrkjekontoret vil takka for gåva på kr 3.150 i samband med gravferda til Margrethe Haugse den 4. mai. Pengane er øyremerkte grøntanlegget rundt Blomvåg kyrkje. Odd N. Thormodsæter, kyrkjevevjerje.

Takk

Vi vil takke alle som var med å gi oss en god avskjed med våre kjære Johan-Anton Flåten.

Takk til alle på prestekontoret, Johannes Blom og hans døtre og for kr. 3201,- som kom inn til Evangeliesenteret.

For familien

Laila Dale Alvheim

TAKK FRÅ SVENN

Eg vil sende ein stor takk til dei mange som har sendt helsingar, gåver, og tok del på mottakinga på Tednebakkane i samband med 60-årsfeiringa mi onsdag 4.mai. Det vart verkeleg ein flott dag til stor glede for meg. Når dette skrivast 11.mai er det kome inn kr.19430 i gåver til det kristne mediearbeidet eg driv i regi av Northern Star Media.

Gud signe dykk alle!

Varme helsingar frå Dykkar Tenar Svenn www.northernstar.no/radiopresten
Dersom du ønskjer å støtta dette arbeidet kan du nytta giro 3628.53.35781 i Sparebanken Vest.



«Pro Ecclesia» syng til Herrens Pris!

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden	Espen Polden	Tom Wilson	Heine Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN Teatergt. 20 5010 Bergen Tlf: 55 21 44 50	AVD. SOTRA 2.etg på Shellstasjonen Sartor, 5353 Straume Tlf: 55 21 44 50
---	--

GRÅVEL SESBYRÅDET FORUM

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B  Øy Nytt
DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE
NOREG P.P. PORTO BETALT

TOMMELEN OPP FOR KONFIRMASJONEN!

Fine konfirmasjonsdagar i Øygarden

Søndag 8. mai var ein av konfirmasjonsdagane dette året. Her lydde det m.a. frå preikestol og lesepult:
Konfirmant: Du er nr 1! Du er verdifull! Gratulerer med konfirmasjonen.

Tekst og foto: ONT

Teksten denne søndagen var henta frå Johannes kap. 10 der vi møter *Den gode gjetaren*.

- Jesus, Den gode gjetaren er *Vegen, Sanninga og Livet* for oss alle.
- Jesus ropar på oss og vil ha oss inn i sin flokk, - som inviterer oss inn i sitt fellesskap
- Jesus er gjetaren som høyrer ropet frå sine barn og oppsøker oss der vi er
- Jesus vil oss berre godt
- Jesus kan vi stola på!

Kvar konfirmant fekk under forbønshandlinga overrekt eit kors som halssmykke

Korsets teikn skal minna oss om

- at vi har ein Gud
- at vegen til himmelen er open for oss alle

Gudstenesta vart ramma inn med flott musikk av Anne Lise Grøm på orgel og Belinda Hellesund Tomic på kornett. Trioen Julie Rong, Synnøve Sandøy Voldsund og Henriette Sandøy framførte songen «Du vet vel om at du er verdifull» med Vegard Voldsund på piano.

Det var helsingar til konfirmantane frå kyrkjelydspedag og Trine Overå Hansen og barne- og ungdomsarbeidar Hogne Berland.

